

Strategi og retningslinjer for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

2016 – 2019

for HJELMELAND KOMMUNE



Utarbeidd av Hjelmeland kommune 01.02.2016

Innhold

Bakgrunn.....	2
Overordna føringer	2
Regelverk	2
Prosessen.....	3
Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen.....	4
Kort om landbruket i Hjelmeland	4
Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar	4
Kulturlandskap.....	4
Viktige vassførekomstar	6
Tilrettelegging og planlegging av tiltak.....	7
Lokale fristar for søker og kommunal sakshandsaming.....	7
Tilskotssatsar	7
Søknad.....	9

Bakgrunn

Hovudformålet med denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søker om produksjonstilskot og avløysartilskot til ein ekstra innsats ut over den dagelege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom SMIL-strategien vil kommunen i samråd med faglaga i landbruket, være med å ta vare på kulturlandskapet i landbruket i tråd med nasjonale og regionale føringer for landbrukspolitikken. Ivareraking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova, og å hindre og redusere ureining etter vassforskrifta, er framheva som sentrale satsingsområde.

Overordna føringer

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Kommuneplan 2011-2023
- Kulturminneplan frå 2000 for Hjelmeland kommune (planen er under revisjon 2016)
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vannforvaltning i Vannregion Rogaland
- Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken
- Nasjonalt miljøprogram 2012

Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» § 1 og § 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Fylkesmannen har mellom anna ansvar for å legge til rette for at

kommunane har gode rutinar i si sakshandsaming, handsamer søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

ProsesSEN

Administrasjonen i Hjelmeland kommune, saman med “støtte- og referansegruppa for landbruket” har ansvaret for å gje SMIL-strategien innhald. Støtte- og referansegruppa består av representantar frå skogeigarlag, bondelag, bonde- og småbrukarlag, politikar og administrasjon på landbruk. Det var møte i denne gruppa 22.01.16 der strategi var tema. Før dette møte hadde nokon av laga hatt strategi og ordningar oppe til behandling i sine styre. Dei hadde både tenkt på aktuelle ordningar framover og evaluert ordningar som gjeld tom 2015. Laga var opptatt av at ordningane skal vere «matnytte» i næringa, ein skal ikkje bare leve i eit «museum». Men dei er samtidig opptatt av å tenke langsiktig og berekraftig og at ein har ordningar som gjer at ein tek vare på den jorda og landskapet ein forvaltar slik at det og gir avkastning fram i tid, ikkje berre kortsiktig inntening.

Strategi og retningslinjer vert i tillegg behandla politisk i formannskapet den 09.02.2016.

Fylkesmannen har vore involvert på den måten at dei har gitt rammer for strategi, laga forslag til mal for strategi, og har gitt tilbakemeldingar på den strategien kommunen har hatt siste 4 åra. I samband med tildelingsbrev 2016 og oppsummering for SMIL-ordninga 2015 er her gitt tydelege vilkår for eventuelt tilskot til rydding og/eller inngjerding av beite. Dette er rekna som “vanleg landbruksdrift” dersom arealet ikkje er registrert i *Naturbase*. Ein har prøvd å ta omsyn til desse tilbakemeldingane. Tiltaksstrategien gjeld for 4 år.

Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

Kort om landbruket i Hjelmeland

- Tal føretak som søker produksjonstilskot: 190 – 200 søkerar.
- Kva hovudproduksjonar er det i kommunen: mjølkeproduksjon, sau, gris, kylling, pelsdyr, grovfôr og frukt.
- Kva særpregar landbruket i kommunen: Kombinasjon med fleire produksjonar og utnytting av utmark og beiteareal. Beite som spreieareal er viktig både i høve til gjødsla ein har til disposisjon og grovfôrproduksjonen. Hjelmeland er og ein stor fruktkommune i Rogaland. Noko jordbruksjord er omdisponert til juletreproduksjon. Enkelte bygder/grender har eit meir aktivt jordbruksmiljø enn andre i kommunen.
- Kva utfordringar har kommunen som er trugsmål mot kulturlandskap og vassdrag:
Vassdrag: Kartlegging av vatn og vassdrag viser i grove trekk at Hjelmeland har god kvalitet på vassdraga. Nokre vassdrag er førebels klassifisert som moderate, desse er ikkje kartlagde ennå. Her er jordbrukslandskap nokså tett på ein del vassdrag, dette krev at brukarane heile tida er bevisste på måten og tida jorda blir driven på.
Kulturlandskap: Steingardar er eit kjent element. Geografisk er det store forskjellar på standard. Randøy har murestein og difor solide stødige doble steingardar som står godt, medan Årdal har steingard av rund å-stein lett rasar ned og krev mykje vedlikehald og ofte eit gjerde i tillegg for å fungere som stengsel for dyr. Bruksrasjonalisering gjer at gamle eigedomsgrenser ikkje lengre er naboskifte. For kulturlandskapet kan det i ein del samanhengar gi større og meir einsidig landskap, i staden for mange mindre teigar. Bruksrasjonalisering kan føre til ønske om fjerninga av eksisterande steingardar.
Kydestuvar av varmekjære treslag har me mykje av. Dette viser ein gammal måte å utnytte forressursane på. Enkelte felt er og kartlagt og inneheld eit rikt biologisk mangfold. I dagens drift er det sjeldan ein nyttar lauv og skav frå kydling som ein del av fôrhaustinga, men metoden å skjøtte trea på bør vidareførast i nokre område.
Bygningsmessig er her både våningshus og løer frå ulike epokar som er tidstypiske. Løer blir fort mindre rasjonelle til dagens krav til HMS, dyrevelferd, brannsikkerheit og rasjonell drift, og det er difor ikkje så mange aktuelle løer for restaurering. Våningshusa er meir aktuelle å restaurere, og så blir her ei renovering innvendig til dagens standard. Desse tiltaka er ofte dyre prosjekt, slik at kvart enkelt prosjekt som får midlar utgjer ein stor prosent av totaltildelinga. Noko som er typisk for Hjelmeland er den typen steinheller ein har nytta på taka på mange typar bygg, og måten hellene er lagt på. Her er heller på tak i mange delar av landet, men her ein typisk måte for Hjelmeland/Ryfylke å legge desse på. Denne signaturen er det viktig å ta vare på i nokre samanhengar. Hjelmeland har ikkje mykje setrar eller skogskoier som var typiske for tidlegare drift der bygninga er i behald. Det er eventuelt stølsvollen som er att som ein kan ta vare på som ein del av utmarksbeite.

Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

Kulturlandskap

Kva verdiar ligg i jordbruket sitt kulturlandskap og som ein bør prioritera å ivareta?

- Biologisk mangfold: kydestuvar og gammal kulturmark. Skjøtselplanar vert premiert, både utarbeiding av plan og tiltak i tråd med plan etterpå kan gis tilskot.

Hjelmeland kommune har lite slåttemark, kystlynghei osv som er aktuelle å prioritere i denne samanheng. Men dersom dei områda me har blir skjøtta er det positivt. Me har og litt slåttemyr som det er viktig blir skjøtta.

Gamle stølsvollar: Hjelmeland har ikkje mange gamle stølsbygningar eller skogskoier, men her er ein del gamle stølsvollar med nyare hytter på i utmarksbeite. Desse stølsvollane er synlege i kulturlandskapet og viser tidlegare drift, og dei er ein stad med tidleg og godt beite for beitedyra som er til fjells, og kan vere ein samlingsplass for dyra der ein kan gi salt osv for lettare å ha tilsyn med dyra i beitessongen. Stølsvollen blir ofte godt beit, men dei har likevel ein tendens til å gro att med einer. Denne er det viktig å halde i sjakk for at den ikkje skal ta overhand og øydelegg heile beitet. Stølane ligg slik til at her ikkje er snakk om anna enn mekanisk arbeid for å halde eineren borte.

Rydding av anna gamal kulturmark, rydding til beite. Dette må ikkje vere ei ordning der brukaren kan la vere å gjere ein innsats og «sleppe det over» og la det gro til, og så få tilskot til rydding. Det må vere snakk om gamal kulturmark som ikkje dagens brukarar har nytta som innmark. Det kan ikkje vere areal som har vore planteskog. Det bør vere eit behov for meir beite, og arealet skal etter kvart kunna reknast som ein del av innmarksbeite. Fylkesmannen har i sin årsrapport/oppsummering av SMIL-ordninga 2015 presisert at “rydding i attgrodde innmarksbeite eller inngjerding av innmark mot utmark som ikkje er registrert i Naturbasen er å sjå på som “vanleg landbruksdrift” og ligg utanfor SMIL-ordninga”. Faglanga ønska å gi tilskot til slike tiltak, kommunen ønska å prioritere areal der det er registrert biologisk mangfald, eller kulturminne i området, men Fylkesmannen har no presisert at ordninga kan gjelde berre for areal som er registrert i Naturbasen, og registrert vegetasjon må sjølv sagt tåle beiting. I tillegg til registrering i Naturbasen er det ønskeleg at søker kan seie noko om verdien i arealet for si drift, og litt om historia/ bruken av areal før og framover. Maksimal kostnad som vert godkjent pr da er kr 2000,- for arbeid og materiell. Maksimalt tilskot 50 %.

Hjelmeland har mykje haustingsskog/hagemark i ulike registreringar, dvs kydlestuvar av ask og andre varmekjære lauvtre. Desse områda inneheld og mykje anna biologisk mangfald. Det hadde vore bra om ein fekk ei kartlegging eller planlegging av korleis ein best mogleg kan skjøtte desse områda både med tanke på fortsatt kydling, beiting og bruk av området i landbrukssamanheng samtidig som ein tek vare på denne haustingsmetoden og naturmangfaldet. Eit meir effektivt landbruk ønskjer ei meir rasjonell drift, lettare tilkomst med maskinar for å ta ut ved og virke ved kydling. Slik vegbygging kan kome i konflikt med bevaring av kulturlandskapsverdiane i området. Hjelmeland vil gi tilskot til utarbeiding av skjøtselplan for slike område. Og så vil ein etterpå prioritere tiltak som er i tråd med skjøtselplanane. Ein har ikkje prioritert geografisk nokon område med kydlestuvar, men gir høgast prioritet dersom dei står i eit miljø, er fleire, og her er anna biologisk mangfald i tillegg.

Blant utvalde naturtypar har Hjelmeland fleire hole eiker. Nokon står i beite. Dei gir ly for beitedyr, men stel og lys og næring frå beite. Dersom ein finn ein god måte å handtere dette på er det positivt. Er her spesielle omsyn å ta, eller kan ein la treet stå som før og då blir det skjøtta?

Beiteressursar: Inngjerding av areal som ikkje har vore i drift på lenge og det er

nødvendig med gjerde for å kunne ta i bruk. Ikkje til utskifting/vedlikehald av eksisterande gjerde. Ikkje til inndeling av teigar internt på bruket, må vere skilje mellom innmark/utmark eller skiftesgjerde eller tilsvarande. Kommunen har sett ein standard kostnad på kr 100.- pr meter gjerde, inkl materiell og arbeid. Også her har Fylkesmannen påpeika at vilkår for å kunne få tilskot er at det er registreringar i Naturbasen for området for at tiltaket skal vere med i SMIL-ordninga.

- Kulturminne (eldre eller nyare): Fornminne er her mange av. Nokon område er eksempel som folk kan få tilgang til. Her er eit stort felt som er tilrettelagt for ferdsel og med informasjon i Årdal. Elles er det viktig at fornminna blir skjøtta på rett måte slik dei vert ivaretatt. For nyare kulturminne viser ein til kulturminneplan. Pr no er her plan vedtatt i 2000, ny plan er under utarbeiding no i 2016. Tiltak som er tatt med i kulturminneplan bør prioriterast ved tildeling av midlar, men andre tiltak kan og vere aktuelle å støtte. Kulturminne er meir enn bygningar, det gjeld og mindre konstruksjonar og anlegg, for eksempel bruver, dammar, innretningar for næringsdrift osv.
- Ferdselsårar for turgåarar: Hovudsakleg basert på initiativ frå grunneigarar. Her vart prioritert eit par løyper i tilknyting til Ryfylkevegen som nasjonal Turistveg. Ein har mange typar nyare kulturminne i samband med ferdsel. Driftevegar, båstøer og stiar i høve til at folk skulle mellom bygder, til sjøen, til skulen osv. Ikkje minst har me ein gamal Prestaveg mellom Hjelmeland og Årdal som er eit eksempel på slik ferdselsåre. Ferdselsårene kan i mange tilfelle restaurerast og haldast ved like og då vere gode ferdselsårer for friluftsliv i dag.

Det kan vere aktuelt å få utarbeidd kart med beskriving osv til nye turløyper. Kommunen har tidlegare fått utarbeidd offentleg kart/beskriving av turar, og fått dekka nokon kostnadar av SMIL-midlane. No er forskrifta slik at kommunen ikkje kan søkje om midlar pga ein fyller ikkje vilkåra i forskrift om produksjonstilskot. Ein må her eventuelt finna ei praktisk tilnærming til slike tiltak.

Gjerdeklyvarar: Prioritere å gi gratis gjerdeklyvarar til bønder som søker til formål, ferdsel på tursti, fiskeplassar og turar i nærområde for skular/barnehagar ol. Kostnad med produksjon blir dekka av SMIL-midlane. Transport frå produsent til kommunen sitt lager blir organisert av kommunen, men gjer at bøndene kan søker og få gjerdeklyvaren gratis utan å måtte kjøre til Jæren eller Ølen og hente den.

Søkjane om gjerdeklyvarar må fylle vilkåra for å søker om smil-midlar for å få dei gratis, då tenkjer ein gratis både produksjon og transport til kommunen. Søkjar hentar sjølv gjerdeklyvarane på kommunen sitt lager og har ansvar for oppsetting og tilsyn.

Viktige vassførekommstar

Kommunen har pr i dag ikkje nokon store utfordringar som ein kjenner til i høve vassførekommstar. Ikkje alle vatn er kartlagde, og skulle nokon av dei vassdraga som etterkvart blir kartlagde eller allereie kartlagde vassdrag endre status, slik at dei ikkje vert registrert som god, så vil ein prioritere tiltak for å betre på denne statusen, så lenge det er snakk om tiltak som er utover det ein kan forventa av vanleg jordbruksdrift.

Kartlegging av vatn og vassdrag viser at Hjelmeland har god kvalitet på vassdraga. Nokre vassdrag er førebels klassifisert som moderate, desse er ikkje kartlagde ennå. Her er jordbrukslandskap nokså tett på ein del vassdrag, dette krev at brukarane heile tida er bevisste på måten og tida jorda blir driven på.

Tilrettelegging og planlegging av tiltak

Kommunen kan i enkelte tilfelle sjølv eller gjennom andre instansar bidra til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt på tvers av «aktive» landbrukseigedomar som resulterer i at aktive bønder i etterkant kan søkja på SMIL-midlar til gjennomføring av tiltak i tråd med planen.

Døme:

- Bidra til at her blir utarbeidd skjøtselplan for verdifulle naturverdiar for større område enn enkelte eigedomar.
- Part i arbeid med å få til plan for tursti over fleire landbrukseigedomar, for eksempel Prestavegen

Lokale fristar for søker og kommunal sakshandsaming

Kommunen har frist for å fatte vedtak etter SMIL-ordninga:

- 1. november: kommunar som IKKJE har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport
- 1. desember: kommunar som har fått ekstra SMIL-midlar etter førebels rapport

Fristane kommunen har sett for søker på SMIL-midlar er:

- Vår: 15. februar
- Haust: 1. oktober

Vedtak etter SMIL-forskrifta i kommunen blir fatta

- administrativt av tilsette på plan og forvaltning i kommunen

Tilskotssatsar

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved ev. klage på tilskotssats må Fylkesmannen rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

Prioritet: skala frå 0 til 10 (0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats).

Tilskotssats: høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, og må stå i forhold til prioritet.

Forskriftstype	Prioritet	Tilskotssats inntil...
Kulturlandskap	Biologisk mangfold	70 %
	Naturbeitemark	50 %
	Kystlynghei	50 %
	Gamal kulturmark	50 % av standardkostnad kr 400 pr kydlestuvær, 50

			% /maks kr 1000 pr da beiterydding
	Opplevingar/ferdsel	6	100 % gjerde klyvarar, 70 % andre tiltak
	Freda/verneverdige bygg	6	Sefrakbygg inntil 25 %, andre bygg max 23 %
	Andre kulturminne/miljø	5	Sjå liste under med maks kostnad og tilskot
Ureiningstiltak	Reinsepark, fangdam mv...	4	40 %
	Hydrotekniske anlegg	1	20 %
	Leplanting	0	
	Oppsamling frå veksthus	0	
	Jordvoller	0	
	Anna ureiningstiltak	5	Maks 50 %
Planlegging	Turstiar/parkering	5	
	Skjøtselsplan	7	
	Informasjon	5	
	Kart	5	

Søknadar om restaurering av bygg/andre kulturminne/miljø blir prioritert, får lettare maksimalt tilskot, dersom tiltaket er med i kulturminneplanen til Hjelmeland kommune.

Rydding av stølsvoll: Kostnadsgrunnlag inntil kr 2000 pr da, maksimalt 50 % tilskot

Rydding av gammal kulturmark til beite att, dersom her er registreringar i Naturbasen i arealet: kostnadsgrunnlag inntil kr 2000,- pr da, maks 50 % tilskot

Kydling av ask: kostnad kr 400,- pr tre/tilskot maks 50 %

Gjerde for å ta i bruk gammal kulturmark/beite og det er registreringar i Naturbasen i området:
Kostnad kr 100,- pr meter, maks 30 % tilskot.

Bygningar: Kostnad med utvendig arbeid, maksimalt 25 % tilskot av godkjent kostnad

Restaurering av steingardar:

Kostnadsgrunnlaget vil variere i høve til typen tiltak:

restaurering av enkel steingard, stein på staden (nedrast eller annan stad på bruket)

restaurering av dobbel steingard, stein på staden

restaurering, stein må køyrast til

Kommunen har ikkje sett noko tak på kostnad, må vurdere det i kvar enkelt sak. Maksimalt tilskot er 30 % av godkjent kostnad.

Turstiar og parkering: dersom samarbeidstiltak; inntil 80 % av kostnad til skilt/merking/plakatar og tilrettelegging av parkeringsplass. Enkelttiltak maks 60 % tilskot.

Alle godkjente kostnadsgrunnlag er eks mva. Det blir ikke gitt tilskot til mva.

Søknad

Arbeidsstart: Tiltak som er påbegynt før det vert søkt tilskot får avslag på søknad om støtte. Kommunen kan i enkelte tilfelle gi søker løyve til å starte arbeidet i perioden mellom søknad og vedtak.

Dokumentasjonsskrav: Krav om at kostnadsoverslag skal vere basert på innhenta tilbod eller standardprisar, i alle fall hovudpostane.

Meirverdiavgift: Det vert berre gitt tilskot til kostnad eks mva.

Skjema: Det skal nyttast søknadsskjema utarbeidd av Landbruksdirektoratet, på «miljø og økologisk», «spesielle miljøtiltak», «hvordan søke», «skjema»; <https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-ekologisk/spesielle-miljotiltak/hvordan-soke/skjema>

Vedlegg: Kart, foto av dagens situasjon, teikning eller beskriving av plan, eventuelt gamle foto som viser korleis det såg ut før behov for restaurering/oppgravleg, kostnadsoverslag.